

## Kampen mot Lyssiv i eng og beite.



### **Lyssiv i beite på Hufthamar gard**

På Hufthamar gard, som på mange andre gardsbruk på Vestlandet, er lyssiv og knappsvit blitt problemugras, som er vanskelig å få bukt med. Hjå oss er det lyssivet som er problemet.

Me har dei siste åra byrja å ta opp kampen mot lyssivproblemet på garden. Problemet er så pass stort at det er eit langsigktig prosjekt. Me vil bruka både kjemisk og mekanisk nedkjemping. Den største utfordringa med kjemisk nedkjemping er karantenetida etter bruk og at store delar av beitene har for ulendt terrenget for traktor og åkersprøyte. Då er det punktsprøyting med ryggsprøyte, eventuelt trykktank montert på ein traktor med lang slange som kan vera aktuelt.

Til mekanisk nedkjemping brukar me slåmaskin, der me kjem til med den, elles brukar me ryddesag. Ved hyppig slått vil lyssivplantane gradvis gå tom for opplagsnæring å dø ut, men lyssivet er seigliva. Det ser ut som det er naudsynt men fleire slåttar før lyssivet dør ut. Ryddesaga har føremon framfor slåmaskina ved at det er lettare å regulere stubbehøgda på ujamn grunn, som me finn mykje av på beita. Låg stubbehøgde gjev best effekt. Det beste er å kutte av 2-3 cm ned i rota til planten (Pedersen , 2011).

Me vil prøve å dokumentera litt av arbeidet me gjer her på garden i kampen mot lyssivet. Me vil laga ein logg for arbeidet som blir lagt ned. Ut frå det vil me legge ut reportasjar for arbeidet som blir gjort. Kanskje det kan vera til inspirasjon og ei kjede til utveksling av kunnskap og erfaringar.

Kjelde:

Pedersen, H. (2011). Mekaniske tiltak mot siv i eng og beite 2010-2011. Norsk Landbruksrådgiving.

Nokre nyttige lenker:

<https://rogaland.nlr.no/fagartikler/15056/> På denne nettsida er det linkar vidare til anna fagstoff. Nede på sida er det link til rapporten til Håkon Pedersen (2011), som det er vist til i artikkelen.

<http://www.nibio.no/nyheter/lyssiv-og-knappsiv--problemugras-i-eng-og-beite>